

---

Saksnr: 2020/51292-1  
Saksbehandlar: Astrid Sundset Moe

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

**Tilskot til utvikling av digitale tenester i folkebiblioteka**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 450 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Strilabiblioteket, Alver kommune	Videoproduksjon på Strilabiblioteket	avslag
2	Tysnes folkebibliotek	Digitale lesestunder og forfatterbesøk under Sommarles 2020	18 000
3	Voss bibliotek	Vossabib - podcast frå Vossabiblioteka	33 000
4	Stad bibliotek	Design av nettside	30 000
5	Øygardsbiblioteka	Søknad om midlar til digital formidling ved Øygardsbiblioteka	45 000
6	Austevoll folkebibliotek	Digital formidling	13 000
7	Stord folkebibliotek	Digi-digg/ Digital utvikling av Stord folkebibliotek	32 000
8	Ullensvang bibliotek	Utstyrskjøp til digital produksjon	19 000
9	Hyllestad folkebibliotek	Utvikle ny heimeside for Hyllestad folkebibliotek	20 000
10	Årdal bibliotek	Økt produksjon av digitale videoer og arrangement	20 000
11	Etne bibliotek	Digitale arrangement i Etne	10 000
12	Masfjorden folkebibliotek	Digital formidling frå biblioteket i Masfjorden	12 000
13	Kvinnherad folkebibliotek	Digitalt pluss!	35 000
14	Gloppen folkebibliotek	Ja takk, begge deler: Nye vegar mot nye horisontar	15 000
15	Osterøy bibliotek	Vidareføring av osterøystafetten	18 000
16	Samnanger folkebibliotek og Kvam bibliotek	Smale, litterære perler til alle dei folka	27 000
17	Fitjar folkebibliotek	Gode på nett	14 000

18	Stryn bibliotek	Digital formidling i biblioteklokalet	avslag
19	Lærdal folkebibliotek	Digitale Lærdal	16 000
20	Biblioteka i Sunnfjord kommune	Drivande gode digitalt	45 000
21	Bjørnafjorden bibliotek	Digital Sommarles	28 000

Viser til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ønskjer at fylkeskommunen skal ta eit regionalt ansvar for kompetanseheving og utvikling av biblioteka sin digitale plattform og digital formidling.

#### Samandrag

Føremålet med utlysinga er å støtte folkebiblioteka i å utvikle og vidareutvikle eit godt og fullverdig digitalt tilbod til innbyggjarane i Vestland fylke. Søknadane viser innovativ og framtidsretta tenking hos folkebiblioteka. Å støtte folkebiblioteka i arbeidet med å gi innbyggjarar i Vestland fylke eit fullverdig digitalt tilbod, er viktig og komplisert fordi det forutsett kompetanse, teknisk utstyr og gode digitale plattformer.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ruth Ørnholt  
seksjonssjef bibliotekutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg  
1 Oversyn søknadar

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Biblioteka har ei viktig samfunnsrolle innan digital formidling for å gi innbyggjarane i Vestland fylke eit like godt tilbod på nett som fysisk. Det er med på å utjamne forskjellar i lokalsamfunna.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering hadde på møte 03.04.2020 oppe sak om modellbibliotek (PS 42/2020), og vedtok følgjande:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner det er naudsynt med midlar til utvikling av digitale tenester i biblioteka i Vestland grunna koronakrisa. Smitteverntiltaka har medført at biblioteka ikkje lenger er opne, men må tilby tenester over internett. Dette arbeidet ønskjer hovudutvalet å støtte i krisetida.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek utlysing av tilskot frå Modellbibliotekprogrammet til følgjande formål:
  - a. Tiltak til å bygge opp digitale ressursar i biblioteka i Vestland, som til dømes innkjøp av e-bøker og e-lydbøker til utlån.
  - b. Tiltak/prosjekt for digital formidling frå biblioteka, som for eksempel digitale debattarrangement, digitale foredrag og liknande.
  - c. Andre tiltak/investeringar for å bygge opp digitale tenester i biblioteka.
3. Søknadsfrist er 1. juni. Administrasjonen kjem attende til utvalet med innstilling, og hovudutvalet vedtek så endeleg fordeling av midlane. Dette tiltaket er ment å vere eit mellombels tiltak grunna koronakrisa, og det er ønskjeleg at det ordinære modellbibliotekprogrammet gjenopprettast i 2021 når krisa forhåpentlegvis er over og biblioteka er opne.

Tilskot til utvikling av digitale tenester i biblioteka i Vestland vart lyst ut 04.mai. For å nå handsaming i hovudutvalet før sommaren, vart søknadsfristen sett til 20.mai. Det kom inn 21 søknader med ein samla søknadssum på kr 608 677.

### Vurdering av søknadane

I midten av mars måtte folkebibliotek over heile landet halde det fysiske biblioteket stengt som følgje av covid-19-pandemien og smitteverntiltak. Å vere til stades på Internett og ha eit digitalt tilbod til innbyggjarar i ein slik situasjon, er svært viktig. Det krev omstillingsevne, kompetanse, gode nettsider og evne til innovativ tenking frå bibliotektilsette. I søknadane kjem det fram behov for teknisk utstyr for å formidle på nett. Målgruppa for formidlingstiltaka er både barn og vaksne.

Nasjonalbiblioteket melde 24.mars om ei løyving til Vestland fylkeskommune på kr 1 321 000 til innkjøp av e-bøker til folkebiblioteka i Vestland utanom Bergen (jf. RS 47/2020). Denne løyvinga blir nytta i tråd med pkt. 2a i vedtaket frå hovudutvalet. Dei fleste søker om tilskot til formidling og tilrettelegging til formidling, som fell under pkt. 2b i vedtaket. Det blir søkt om midlar til honorar til forfattarar og illustratørar, teknisk utstyr og kompetanseheving.

Eit moderne bibliotek kjem ikkje utanom at det fysiske og det digitale bibliotekrommet utfyller og speglar kvarandre. I dag er det bibliotek i Vestland fylke som har nettsider som ikkje eignar seg til å gjere kjend biblioteket sine tenester digitalt. Fleire av desse har søkt om støtte til å utvikle nettsider og design til nettsider. Dette fell inn under pkt. 2c i vedtaket.

Seksjon for bibliotekutvikling har kompetanse på oppretting av biblioteknettsider, og fagmiljøet jobbar no med ein strategi for å løfte nettsidene til biblioteka som treng det aller mest. For å få til ei samla innsats på dette området, blir midlar som er søkt til nettsidesatsing samla og nytta av Seksjon for bibliotekutvikling. Nasjonalbiblioteket har i tillegg til løyvinga til innkjøp av e-bøker, også løyvd kr 330 250 til tiltak for digital formidling. Nokre av desse midlane skal nyttast til ein samla innsats for bibliotek med behov for betre nettsider.

### Føremål med utlysinga

Støtte folkebiblioteka i å utvikle og vidareutvikle eit godt og fullverdig digitalt tilbod til innbyggjarane i Vestland fylke.

**Generelt:**

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Budsjett 2020: Sum kr 450 000

Søknadsfrist 2020: 20.mai  
 Vedtak kriteria: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering  
 03.04.2020 PS 42/2020  
 Kriteria og informasjon om ordninga: Informasjon på nettsida

**Vår 2020**

Tal på søknadar: 21  
 Tal på søknadar som vart tildelt støtte: 19  
 Samla søknadssum: 608 677  
 Samla løyving: 450 000

Fylkesdirektøren sine kommentarar til innstillinga:

Søknadane var i tråd med utlysinga. Utllysinga syner behovet biblioteka har for midlar og støtte innan digital formidling, og korleis fylkeskommunen kan samarbeide med folkebibliotek for å oppfylle desse behova.

**Absolutte kriteria**

Ut frå vedtaket til Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

**Vurderingskriteria**

I vurderinga er det vektlagt at tiltaket/prosjektet er i tråd med føremålet i utlysinga, heilskap knytt til aktivitet, gjennomføringsevne og budsjett.

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Løysast med omdisponerte midlar frå Modellbibliotekprogrammet som eit mellombels tiltak i samband med covid-19 og smitteverntiltak som ramma folkebiblioteka

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser at utlysinga viser innovativ og framtidretta tenking hos folkebiblioteka. Det er god variasjon i søknadane, og dei tek utgangspunkt i lokale behov og forhold. Å støtte folkebiblioteka i arbeidet med å gi innbyggjarar i Vestland fylke eit fullverdig digitalt tilbod, er viktig og komplisert. Digital formidling krev teknisk utstyr, kompetanse, ressursar og egna plattformer på nett. Blant folkebiblioteka i Vestland fylke er kompetansenivået sprikande, og det er behov for å jobbe vidare med å auke kompetanse om formidling, utvikle nettsider og digitalt nærvær på nett. Seksjon for bibliotekutvikling har eit fagmiljø i oppbygging av nettsider, og har tatt ansvar for koordinering og framdrift i dette arbeidet.